# ULVIK HERAD
## Heradsstyret

# Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| **Sakene:** | 029/26 – 038/26 |
| **Møtedato:** | 20.05.2026 |
| **Møtetid:** | kl. 12:30 |
| **Møtestad:** | Møterom - Hardangerjøkulen |

| **Fylgjande medlemmer møtte:** | **Parti** |
|---|---|
| Hans Petter Thorbjørnsen | AP |
| Linn Løvtangen Skeie | AP |
| Ronny Lunestad | AP |
| Hans Åge Ohnstad-Johansen | H |
| Magrete Garnes Øydvin | H |
| Stig Yngve Røkenes | H |
| Ingvild Breien Sygnestveit | SP |
| Jens Olav Holven | SP |
| Kåre Olai Solheim | SP |
| Nils Branstveit | SP |
| Jenny Merete Wright Johnsen | SV |
| Torunn Pedersen Polden | SV |
| Håkon Gjerde | V |
| Ingeborg Hellesnes Uppheim | V |
| Ingrid Sponheim | V |
| Katrina Kvåle Hellesnes | V |

| **Fylgjande varamedlemmer møtte:** | **Parti** |
|---|---|
| Sevre Vestrheim | V |

| **Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:** | **Parti** |
|---|---|
| Anders Kristoffer Oppheim | V |

Underskrifter:
Me stadfestar med våre digitale underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Ulvik, 23.07.2026

| Medlem | Ordførar | Medlem |
|---|---|---|
| Magrete Garnes Øydvin | Jens Olav Holven | Sevre Vestrheim |

## Sakliste:

| Sak nr | Sakstittel |
|---|---|
| PS-029/26 | Meldingar |
| PS-030/26 | Interpellasjonar og grunngjevne spørsmål |
| PS-031/26 | Godkjenning av møteprotokoll |
| PS-032/26 | Underskrift på møteprotokollen |
| PS-033/26 | Endring av samarbeidsavtale Vest brann og redningsregion KO |
| PS-034/26 | Etablering av frivilligsentral og utstyrssentral i Ulvik herad |
| PS-035/26 | Handsaming og signering av "Særavtale om samarbeid ved høynet beredskap ved sikkerhetspolitiske kriser og krig" |
| PS-036/26 | NRK TV-aksjonen: anmodningsbrev og søknad kommunebidrag |
| PS-037/26 | Nytt innkjøpsreglement |
| PS-038/26 | Suppleringsval i perioden 2025-2027 |

## 029/26: Meldingar

**Framlegg til vedtak:**
Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

**20.05.2026 Heradsstyret**
**Røysting:**
Samøystes vedteken.

**<u>HST - 029/26 VEDTAK:</u>**
**Samrøystes vedtak:**
Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

## 030/26: Interpellasjonar og grunngjevne spørsmål

**Framlegg til vedtak:**
Spørsmål og avgitt svar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

**20.05.2026 Heradsstyret**

**<u>HST - 030/26 VEDTAK:</u>**
Spørsmål og avgitt svar vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

## 031/26: Godkjenning av møteprotokoll

**Framlegg til vedtak:**
Møteprotokollen frå førre møte vert godkjent.

**20.05.2026 Heradsstyret**

**Røysting:**
Samrøystes vedteken.

**<u>HST - 031/26 VEDTAK:</u>**
**Samrøystes vedtak:**
Møteprotokollen frå førre møte vert godkjent.

## 032/26: Underskrift på møteprotokollen

**Framlegg til vedtak:**
Medlem 1: ....
Medlem 2: ....

**20.05.2026 Heradsstyret**

Framlegg om Magrete Garnes Øydvin og Sevre Vestrheim

**Røysting:**
Samrøystes vedteken.

**HST - 032/26 VEDTAK:**
**Samrøystes vedtak:**
Medlem 1: Magrete Garnes Øydvin
Medlem 2: Sevre Vestrheim

## 033/26: Endring av samarbeidsavtale Vest brann og redningsregion KO

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Ulvik heradsstyre vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefellesskap.

**20.05.2026 Heradsstyret**
**Røysting:**
Samrøystes vedteken.

**HST - 033/26 VEDTAK:**
**Samrøystes vedtak:**

Ulvik heradsstyre vedtek endringane i samarbeidsavtalen for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgavefellesskap.

## 034/26: Etablering av frivilligsentral og utstyrssentral i Ulvik herad

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Ulvik heradsstyre er positive til etablering av frivilligsentral og utstyrsentral i Ulvik, og søker om nasjonalt tilskot til etablering og drift med oppstart i 2027.

Sentralen skal etablerast i tråd med krava i forskrift for tilskot til frivilligsentral §7 og organiserast som eit lag i samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Vedtektene skal godkjennast av heradet.

Finansiering av driftstilskot vert innarbeidd i budsjett og øknomiplan frå 2027.

**20.05.2026 Heradsstyret**

**Ensdringsframlegg frå SV:**
Ulvik heradsstyre er positiv til etablering av ein frivilligsentral og utstyrssentral i Ulvik.

Sentralen skal etablerast i tråd med krava i forskrift for tilskot til frivilligsentral §7 og organiserast som eit lag i samband med lokale lag og organisasjonar.

Vedtektene skal godkjennast av Heradet.

Heradsstyret ber administrasjon søka om nasjonalt tilskott til etablering og drift med oppstart i 2027.

Heradet kallar inn til eit skipingsmøte om/når søknaden vert innvilga.

Finansiering av drifts-tilskott vert innarbeidd i budsjett og økonomiplan for 2027.

**Gruppemøte: 10 min.**

**SV trekkja sitt framlegg.**

**Endringsframlegg frå SV og Venstre:**
Ulvik heradsstyre er positive til etablering av frivilligsentral og utstyrsentral i Ulvik, og søker om nasjonalt tilskot til etablering og drift med oppstart i 2027.

Endeleg vedtak om etablering må vurderast i arbeidet med budsjett og retningsgjevande økonomiplan 2027 -2030 hausten 2026.

Sentralen skal etablerast i tråd med krava i forskrift for tilskot til frivilligsentral §7 og organiserast som eit lag i samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Vedtektene skal godkjennast av heradet.

**Røysting over framlegg frå kommunedirektøren:**

Framlegg frå kommunedirektøren fall samrøystes.

**Røysting over framlegg frå SV og Venstre:**

Framlegg frå SV og Venstre fall med 9 røyster (AP, H, Kåre Olai Solheim (SP), Nils Branstveit (SP), Jens Olav Holven (SP)) mot og 8 røyster for (SV, V, Ingvild Breien Sygnestveit (SP)).

**<u>HST - 034/26 VEDTAK:</u>**
**Vedtak:**
Ulvik heradsstyre avslår etablering av frivilligsentral og utstyrsentral i Ulvik.

## 035/26: Handsaming og signering av "Særavtale om samarbeid ved høynet beredskap ved sikkerhetspolitiske kriser og krig"

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Ulvik herad vedtek "Særavtale om samarbeid ved høynet beredskap ved sikkerhetspolitiske kriser og krig", slik den føreligg.

**20.05.2026 Heradsstyret**
**Røysting:**
Samrøystes vedteken.

**<u>HST - 035/26 VEDTAK:</u>**
**Samrøystes vedtak:**

Ulvik herad vedtek "Særavtale om samarbeid ved høynet beredskap ved sikkerhetspolitiske kriser og krig", slik den føreligg.

**06.05.2026 Formannskap**

**Røysting:**
Samrøystes vedteken.

**<u>FSK - 036/26 VEDTAK:</u>**
**Samrøystes vedtak:**

Ulvik herad vedtek "Særavtale om samarbeid ved høynet beredskap ved sikkerhetspolitiske kriser og krig", slik den føreligg.

## 036/26: NRK TV-aksjonen: anmodningsbrev og søknad kommunebidrag

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Ulvik heradsstyre løyver kr 20 000 til NRK sin TV-aksjon 2026 NRC Flyktninghjelpen. Kostnaden vert dekka over b.p 210 1000 14702.

Formannskapet er aksjonskomité under TV- aksjonen 2026.

**20.05.2026 Heradsstyret**

**Røysting:**
Samrøystes vedteken.

**HST - 036/26 VEDTAK:**
**Samrøystes vedtak:**

Ulvik heradsstyre løyver kr 20 000 til NRK sin TV-aksjon 2026 NRC Flyktninghjelpen.
Kostnaden vert dekka over b.p 210 1000 14702.

Formannskapet er aksjonskomité under TV- aksjonen 2026.

## 037/26: Nytt innkjøpsreglement

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Framlagt "Innkjøpsreglement for Ulvik herad" vert vedteke slik det ligg føre.

**20.05.2026 Heradsstyret**

**Tilleggsframlegg frå SV:**

Ulvik herad innarbeider rammeverket unngå, flytte, forbetre (UFF) i innkjøpsregementet, og sørgjer for at fyrste ledd i alle innkjøpsprosessar er at fagavdelingane gjer ei vurdering av om innkjøpet er noko heradet verkeleg treng.

**Gruppemøte: 10 min**

**Røysting over å ta inn tilleggsframlegg frå SV:**
Tilleggsframlegg frå SV fall med 7 røyster (SV, V) for og 10 røyster (SP, H, AP) mot.

**Røysting over tilråding frå formannskapet:**
Samrøystes vedteken.

**HST - 037/26 VEDTAK:**
**Samrøystes vedtak:**

Framlagt "Innkjøpsreglement for Ulvik herad" vert vedteke slik det ligg føre.

**06.05.2026 Formannskap**

**Røysting:**
Samrøystes tilrådd.

**FSK - 041/26 VEDTAK:**
**Samrøystes tilråding:**

Framlagt "Innkjøpsreglement for Ulvik herad" vert vedteke slik det ligg føre.

## 038/26: Suppleringsval i perioden 2025-2027

**Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**
Nytt medlem i Klagenemnda for utskriven eigedomsskatt:
Nytt medlem i Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne:
Ny vara nr. 2 i Taksnemnd for eigedomsskatt:

**20.05.2026 Heradsstyret**

**Framlegg frå valnemnda:**

Nytt medlem i Klagenemnda for utskriven eigedomsskatt: Magrete Garnes Øydvin

Nytt medlem i Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne: Jon Olav Heggseth

Ny vara nr. 2 i Taksnemnd for eigedomsskatt: Linn Løvtangen Skeie

**Røysting:**
Samrøystes vedteken.

**HST - 038/26 VEDTAK:**
**Samrøystes vedtak:**
Nytt medlem i Klagenemnda for utskriven eigedomsskatt: Magrete Garnes Øydvin
Nytt medlem i Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne: Jon Olav Heggseth
Ny vara nr. 2 i Taksnemnd for eigedomsskatt: Linn Løvtangen Skeie

**15.04.2026 Heradsstyret**

**Framlegg frå Valnemnda:**
Ny vara til administrasjonsutvalet er Paul Richards i stadenfor Hans Åge Ohnstad-Johansen.

Dei andre er ikkje på plass og ein ber om at det vert utsatt til neste heradstyremøte.

**Røysting:**
Framlegget frå Valnemnda vart samrøystes vedteken.

**HST - 027/26 VEDTAK:**
**Samrøystes vedtak:**
Ny vara til Administrasjonsutvalet er Paul Richards istadenfor Hans Åge Ohnstad-Johansen.

Dei andre er ikkje på plass og ein ber om at det vert utsatt til neste Heradsstyremøte.